



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 07.12.2016
Tid: 15:00 – 18:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenter
-------------	-----------------	------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
-------------	------------------	------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Torgeir Steien	Avd.leiar plan og utvikling
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Ola Sønnerlid	IKT leiar

Wenche Tislevoll
Ordførar

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 90/16	Godkjenning av protokoll	
PS 91/16	Kulturprisen 2016	
PS 92/16	Næringsprisen 2016	
PS 93/16	Budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020	
PS 94/16	Helse Fonna - Opsjon Fitjar bu- og behandlingssenter	
PS 95/16	Tilskot til Håkonarspelet 2017	
PS 96/16	Søknad om tilskot til Fitjar kyrkje sitt 150-årsjubileum	
PS 97/16	Søknad om delfinansiering av merking av stiar i Midtfjellet	
PS 98/16	Stortingsvalet 2017 - fullmakt til valstyret	
PS 99/16	Prioritering av spelemidlar for 2017	
PS 100/16	Høyring - framlegg til plan for E39 Stord-Os	
PS 101/16	Gamle skulehuset i Osterneset	
PS 102/16	Gjennomgang reglement og delegeringar	
PS 103/16	Ymse	
PS 104/16	Meldingar	

Sak PS 99/16 Prioritering av spelemidlar for 2017 vart sendt ut på iPad til medlemmane før møtet.

Sakene PS 102/16 – PS 100/16 vart handsama først. Sakene PS 91/16 og 92/16 vart handsama til slutt i møtet.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 90/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 91/16 Kulturprisen 2016

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.

Rådmann Atle Tornes vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Det er kome inn 2 forslag til kandidatar.

Formannskapet drøfta saka, og kom med slikt felles framlegg til vedtak:

Kulturprisen 2016 vert tildelt Fitjar sokneråd si temagruppe.

Vedtak: (Samrøystes)

Kulturprisen 2016 vert tildelt Fitjar sokneråd si temagruppe.

PS 92/16 Næringsprisen 2016

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.

Det er kome inn eitt framlegg til kandidat, og eitt vart lagt føre i møtet.

Formannskapet drøfta saka, og la føre slikt felles framlegg til vedtak:

Det vert ikkje delt ut næringspris for 2016.

Vedtak: (Samrøystes)

Det vert ikkje delt ut næringspris for 2016.

PS 93/16 Budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2017 – 2020, med følgjande endringar:

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 på høyring i perioden 7. til 21. desember.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Delt ut i møtet: Notat om konsekvensar av budsjettforliket på Stortinget, og oppdatert budsjettskjema 2B etter nye opplysningar i saka.

KRF og FRP legg ikkje føre framlegg til endringar i budsjettet i dette møtet, det vil verta jobba vidare med saka mot møtet i kommunestyret.

Representanten Arne Prestbø (H) kom med framlegg til endring i budsjettet på vegne av Høgre og AP, og gjorde greie for endringane.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg, med endringar frå H og AP.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2017 – 2020, med følgjande endringar:

	2017	2018	2019	2020	SUM	
STATUS RÅDMANNENS	1 778 244	537 772	243 814	-2 306 456	253 374	
ikkje auke eigedomsskatt	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-2 800 000	
ikkje flytta 7 klasse -	-305 000	-840 000	-840 000	-577 000	-2 562 000	
Auke frivilligsentral	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-60 000	Kommunal deflator - 2,7 av 560000
Mindre refusjon ress. brukarar	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000	-640 000	Iflg. notat budsjettendringar
Auka inntekt havbruk	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000	Iflg. notat budsjettendringar - rådmann
Auka inntekt Aarskog, båtar i opplag	280 000				280 000	Iflg. notat budsjettendringar - rådmann
Endra rentekostnader, skriv frå Trond	189 500	123 500	259 500	150 100	722 600	Iflg. skriv frå økonomisjef
Redusert låneopptak 2017, avdrag og renter	130 000	225 000	225 000	220 000	800 000	Iflg. notat budsjettendringar - rådmann Med same straumpris som 2016 -
Straumkostnadane for høge	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000	250 000
Auka skatteanslag, KS prognose 1,6 mill.	640 000	640 000	640 000	640 000	2 560 000	
Vedlikehold - bygningar, tekn. uteområde	100 000	100 000	100 000	100 000	400 000	Fordelt på områder - 60 % auke stilling vaktmester
Reperasjon vegljøs -	65 000				65 000	Reperasjon for i år ikkje gjort enno. Kr. 50000 - 2017
Drift LAR-senter - høge kostnader	50 000	25 000	25 000	25 000	125 000	Straum + oppstart drift
Beredskap Brann og ulykker - Overtid	88 000	88 000	88 000	88 000	352 000	På nivå 2016 - Fitjar Brann og Redning
Barneverntenesta - juridisk bistand	50 000	50 000	50 000	50 000	200 000	til kr. 150000,-
Sum	2 490 744	374 272	216 314	-2 185 356	895 974	

Investeringsbudsjett og verbale føringar vert å koma attende til i kommunestyremøtet 21.12.16.

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 på høyring i perioden 7. til 21. desember.

PS 94/16 Helse Fonna - Opsjon Fitjar bu- og behandlingssenter

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner oppstart av investeringa kjøp av FBB for kr 4.506.500 pluss avgift. Rådmannen får fullmakt til å melda at Fitjar kommune vil påberopa kjøpsopsjon i samsvar med avtalen før 31. desember 2017, og starta tinging om formell avtale med Helse Fonna. Formannskapet skal godkjenne den endelege avtalen.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret godkjenner oppstart av investeringa kjøp av FBB for kr 4.506.500 pluss avgift. Rådmannen får fullmakt til å melda at Fitjar kommune vil påberopa kjøpsopsjon i samsvar med avtalen før 31. desember 2017, og starta tinging om formell avtale med Helse Fonna. Formannskapet skal godkjenne den endelege avtalen.

PS 95/16 Tilskot til Håkonarspelet 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune imøtekjem ikkje søknaden frå Stiftinga Håkon den Gode. Kommunen vil støtta spelet med Kr.100 000, dersom det kan finnast midlar til dette utanom ordinært budsjett. Kommunen vil ikkje fristilla kultursjef, men er open for at ho skal kunne hjelpa Håkonarspelet innanfor tilgjengeleg kapasitet.

Behandling i Formannskapet - 09.11.2016:

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) ba formannskapet vurdere gildskapen hans, då han er politisk valt representant i styret i Foreningen Håkonarspelet. Etter forvaltningslova § 6 bokstav e, er styremedlem i foreiningar som er sakspart ugild. Det er ikkje unnatak for kommunalt valde styremedlemmer. Ettersom saka handlar om stønad til foreininga, er foreininga part i saka. Etter dette vart representanten samrøystes erklært ugild i saka, og forlet møtet under handsaming av saka. Det var ikkje vararepresentant i saka.

Formannskapet drøfta saka. Rekneskap og budsjett ligg ikkje føre i saka, og det er elles knappe opplysningar om planane for oppsetjinga av spelet. Formannskapet ber om at kultursjef, rådmann og ordførar har eit møte med Foreningen Håkonarspelet, for å få meir informasjon om dette. Det er og ynskjeleg å få ein presentasjon av spelet i eit formannskapsmøte.

Det vart lagt føre felles framlegg frå formannskapet om å utsetja handsaming av saka til det ligg føre meir utfyllande opplysningar i saka.

Vedtak: (4 røyster)

Saka vert utsett.

Nye saksopplysningar:

Det har i etterkant vore halde møte med Foreningen Håkonarspelet, der det vart lagt fram oppdatert budsjett – jfr. vedlegg 4. Elles kom det ikkje fram nye opplysningar.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune vil støtta Foreningen Håkonarspelet med kr.

Kommunen vil ikkje fristilla kultursjef, men er open for at ho skal kunna hjelpa Håkonarspelet innanfor tilgjengeleg kapasitet.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) ba formannskapet vurdere gildskapen hans, då han er politisk valt representant i styret i Foreningen Håkonarspelet. Representanten vart samrøystes erklært ugild i saka, og forlet møtet under handsaming av saka. Det var ikkje kalla inn vararepresentant.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) refererte frå møte med Foreningen Håkonarspelet, og orienterte om nye opplysningar i saka etter sist møte. Formannskapet drøfta saka.

Representanten Arne Prestbø (H) la føre framlegg på vegne av H og AP om å støtta Håkonarspelet med kr. 50.000,-.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre framlegg om å støtta Håkonarspelet med kr. 100.000,-.

Ved røysting fekk framlegget frå H og AP 3 røyster (H og AP), framlegget frå FRP fekk 1 røyst og fall. Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (3 (H og AP) mot 1 røyst (FRP))

Fitjar kommune vil støtta Foreningen Håkonarspelet med kr. 50.000,-.
Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfondet

Kommunen vil ikkje fristilla kultursjef, men er open for at ho skal kunna hjelpa Håkonarspelet innanfor tilgjengeleg kapasitet.

PS 96/16 Søknad om tilskot til Fitjar kyrkje sitt 150-årsjubileum

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap løyver kr. til kyrkja i 2016 til å feira Fitjar kyrkje sitt 150-årsjubileum.
Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfondet.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Representanten Arne Prestbø (H) ba formannskapet vurdera gildskapen hans, då han er varamedlem i soknerådet. Det vart opplyst at varamedlemer ikkje er automatisk ugilde. Berre når dei har delteke i handsaming av saka som medlem av styret.
Representanten vart samrøystes erklært gild i saka.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Representanten Agnar Aarskog (AP) la føre framlegg om å støtta kyrkja sitt 150 års jubileum med kr. 50.000,-.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre framlegg om å støtta kyrkja sitt 150 års jubileum med kr. 100.000,-.

Ved røysting fekk framlegget frå AP 3 røyster (H og AP), framlegget frå FRP fekk 2 røyster og fall. Det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak: (3 røyster (H og AP) mot 2 røyster (KRF og FRP))

Fitjar formannskap løyver kr. 50.000,- til kyrkja i 2016 til å feira Fitjar kyrkje sitt 150-årsjubileum. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfondet.

PS 97/16 Søknad om delfinansiering av merking av stiar i Midtfjellet

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap løyver kr 50.000 til skilt/infotavler i 2016. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfondet.

Fitjar formannskap set ned ei arbeidsgruppe for å arbeida vidare med tiltaksplanen. Grappa skal bestå av TBN.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka. Ordføraren vart beden om å invitera medlemar til grappa, etter innspel frå formannskapet.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) la føre følgjande framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap løyver kr 50.000 til skilt/infotavler i 2016. Løyvinga vert finansiert med bruk av næringstilskot 2016.

Fitjar formannskap oppnemner ei arbeidsgruppa for å arbeida vidare med tiltaksplanen. Gruppa kan bestå av representantar frå Fitjar idrettslag, Fitjar fjellsameige, Midtfjellet vindkraft og ordførar.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar formannskap løyver kr 50.000 til skilt/infotavler i 2016. Løyvinga vert finansiert med bruk av næringstilskot 2016.

Fitjar formannskap oppnemner ei arbeidsgruppa for å arbeida vidare med tiltaksplanen. Gruppa kan bestå av representantar frå Fitjar idrettslag, Fitjar fjellsameige, Midtfjellet vindkraft og ordførar.

PS 98/16 Stortingsvalet 2017 - fullmakt til valstyret

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

I medhald av vallova § 4-2 får valstyret fullmakt til å oppnemna røystestyre i inneverande valperiode – 2015-2019.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

I medhald av vallova § 4-2 får valstyret fullmakt til å oppnemna røystestyre i inneverande valperiode – 2015-2019.

PS 99/16 Prioritering av spelemidler for 2017

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune prioriterer søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgjen:

1. Fitjar kommune - rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule.
2. Fitjar kommune- toppdekke på friidrettsbane
3. Fitjar kommune - lys på kunstgrasbane
4. Fitjar kommune - Nytt kunstgras på kunstgrasbanen

Fitjar kommune prioriterer søknadar om nærmiljøanlegg i denne rekkefølgja:

1. Fitjar kommune - aktivitetsflate III «ungdomstrinnet»
 2. Tursti strandpromenade i Fitjar sentrum
 3. Fitjar kommune - aktivitetsflate II «mellomtrinnet»
 4. Dåfjorden velforeinging - opprusting av tursti Skaret – Selevik.
 5. Fitjar kommune - Aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage
- Fitjar kommune - Aktivitetsområde ved rådhuset

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka. Nokre av summene skal justerast etter nye opplysningar i saka, administrasjonen rettar dette før innsending til fylkeskommunen.

Under nærmiljøanlegg skal pkt 2 og 3 bytta plass, og siste setning skal vera pkt. 6.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune prioriterer søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgen:

1. Fitjar kommune - rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule.
2. Fitjar kommune- toppdekke på friidrettsbane
3. Fitjar kommune - lys på kunstgrasbane
4. Fitjar kommune - Nytt kunstgras på kunstgrasbanen

Fitjar kommune prioriterer søknadar om nærmiljøanlegg i denne rekkefølga:

1. Fitjar kommune - aktivitetsflate III «ungdomstrinnet»
2. Fitjar kommune - aktivitetsflate II «mellomtrinnet»
3. Tursti strandpromenade i Fitjar sentrum
4. Dåfjorden velforeinging - opprusting av tursti Skaret - Selevik.
5. Fitjar kommune - Aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage
6. Fitjar kommune - Aktivitetsområde ved rådhuset

PS 100/16 Høyring - framlegg til plan for E39 Stord-Os

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune gjev følgjande høyringsuttale:

Fitjar kommune går inn for ferjefri E39 over Os, Reksteren, Tysnes og Stordøya som skissert i saka.

E39 Stord-Os er eit svært viktig regionalt og nasjonalt prosjekt med positiv samfunnsøkonomisk nytte. Ferjefri veg mellom Bergen og Stavanger vil knyta regionane saman og auka konkurransekrafta til næringslivet. E39 Rogfast kjem til å knyta Stavangerregionen saman med Haugesundsregionen, men full utnytting av dette prosjektet får ein fyrst når heile vegen til Bergen er ferjefri.

Fitjar kommune meiner at prosjektet må framskundast med byggjestart i fyrste del av fyrstkomande nasjonal transportplan.

Fitjar kommune støttar Statens vegvesen sin tilråding av alternativ B. Alternativet gjev best samfunnsøkonomisk nytte, samstundes som det legg til rette for ei stegvis utbygging. Ved i fyrste omgang å byggja frå Mehammar i sør, vil ein redusera kostnadane og gjera det enklare å realisera prosjektet. Fitjar kommune sin lokale nytte av prosjektet er i tillegg størst ved dette alternativet.

Dersom ein vel ei stegvis utbygging, er det viktig at strekninga sør for Mehammar blir utbetra i samband med prosjektet E39 Heiane-Ådland/Nordre Tveita, med kryss på Mehammar.

Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Fitjar kommune meiner staten òg bør stå for detaljreguleringa av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir råka av prosjektet.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Ordfører Wenche Tislevoll (H) orienterte om saka.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune gjev følgjande høyringsuttale:

Fitjar kommune går inn for ferjefri E39 over Os, Reksteren, Tysnes og Stordøya som skissert i saka.

E39 Stord-Os er eit svært viktig regionalt og nasjonalt prosjekt med positiv samfunnsøkonomisk nytte. Ferjefri veg mellom Bergen og Stavanger vil knyta regionane saman og auka konkurransekrafta til næringslivet. E39 Rogfast kjem til å knyta Stavangerregionen saman med Haugesundsregionen, men full utnytting av dette prosjektet får ein fyrst når heile vegen til Bergen er ferjefri.

Fitjar kommune meiner at prosjektet må framskundast med byggjeart i fyrste del av fyrstkomande nasjonal transportplan.

Fitjar kommune støttar Statens vegvesen sin tilråding av alternativ B. Alternativet gjev best samfunnsøkonomisk nytte, samstundes som det legg til rette for ei stegvis utbygging. Ved i fyrste omgang å byggja frå Mehammar i sør, vil ein redusera kostnadane og gjera det enklare å realisera prosjektet. Fitjar kommune sin lokale nytte av prosjektet er i tillegg størst ved dette alternativet.

Dersom ein vel ei stegvis utbygging, er det viktig at strekinga sør for Mehammar blir utbetra i samband med prosjektet E39 Heiane-Ådland/Nordre Tveita, med kryss på Mehammar.

Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Fitjar kommune meiner staten òg bør stå for detaljreguleringa av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir råka av prosjektet.

PS 101/16 Gamle skulehuset i Osterneset

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Formannskapet drøfta saka.

Saka vert sendt attende til administrasjonen for nærare utgreiing til neste møte, med signal gitt av formannskapet i møtet. Kultursjefen vert beden om å ta kontakt med Osternes mannskor for å avklara om dei er interesserte i å overta bygget.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert sendt attende til administrasjonen for nærare utgreiing.

PS 102/16 Gjennomgang reglement og delegeringar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tilrår kommunestyret å gjera følgjande vedtak:

1. Reglement for kommunestyret blir vedteke med endring i § 24 siste setning til: «Protokoll skal godkjennast elektronisk av ordførar. Vedtak kan sendast ut når ordføraren har godkjent innhaldet i protokollen. Kommunestyret får protokollen til endeleg godkjenning i neste møte.»
2. Reglement for formannskapet blir vedteke med endring i § 23 siste setning til: «Protokoll skal godkjennast elektronisk av ordførar. Vedtak kan sendast ut når ordføraren har godkjent innhaldet i protokollen. Formannskapet får protokollen til endeleg godkjenning i neste møte.»
3. Reglement for utval for plan og miljø og utval for oppvekst og omsorg blir vedteke med endring i § 23 siste setning til: «Protokoll skal godkjennast elektronisk av utvalsleiar. Vedtak kan sendast ut når utvalsleiaren har godkjent innhaldet i protokollen. Utvalet får protokollen til endeleg godkjenning i neste møte.»
4. Reglement for kontrollutvalet blir vedteke med endring i § 1 tredje punktum til: «Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.» og § 23 til: «Protokoll skal godkjennast av utvalsleiar i tråd med rutinar i sakshandsamarsystemet til sekretariat for kontrollutvalet. Protokollen skal deretter sendast til utvalsmedlemmane, Fitjar kommune, revisor og evt. andre som har delteke på møtet. Vedtak kan og sendast ut når protokollen er godkjent. Protokollen skal og leggest fram til godkjenning i neste utvalsmøte.» .
5. Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde og etiske retningslinjer blir vidareført.
6. Reglement for delegering til rådmannen blir vedteke som framlagt.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om kva endringar som er gjort i reglementet sidan førre gjennomgang.

Formannskapet drøfta saka.

Nummerering i saksutgreiing og tilråding må rettast av administrasjonen før handsaming i kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

1. Reglement for kommunestyret blir vedteke med endring i § 24 siste setning til: «Protokoll skal godkjennast elektronisk av ordførar. Vedtak kan sendast ut når ordføraren har godkjent innhaldet i protokollen. Kommunestyret får protokollen til endeleg godkjenning i neste møte.»
2. Reglement for formannskapet blir vedteke med endring i § 23 siste setning til: «Protokoll skal godkjennast elektronisk av ordførar. Vedtak kan sendast ut når ordføraren har godkjent innhaldet i protokollen. Formannskapet får protokollen til endeleg godkjenning i neste møte.»
3. Reglement for utval for plan og miljø og utval for oppvekst og omsorg blir vedteke med endring i § 23 siste setning til: «Protokoll skal godkjennast elektronisk av utvalsleiar. Vedtak kan sendast ut når utvalsleiaren har godkjent innhaldet i protokollen. Utvalet får protokollen til endeleg godkjenning i neste møte.»
4. Reglement for kontrollutvalet blir vedteke med endring i § 1 tredje punktum til: «Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.» og § 23 til: «Protokoll skal godkjennast av utvalsleiar i tråd med rutinar i sakshandsamarsystemet til sekretariat for kontrollutvalet. Protokollen skal deretter sendast til utvalsmedlemmane, Fitjar kommune, revisor og evt. andre som har delteke på møtet. Vedtak kan og sendast ut når protokollen er godkjent. Protokollen skal og leggest fram til godkjenning i neste utvalsmøte.» .
5. Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde og etiske retningslinjer blir vidareført.
6. Reglement for delegering til rådmannen blir vedteke som framlagt.

PS 103/16 Ymse

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Innspel frå representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP) om å søkja om midlar til mindre fysiske trafikksikringstiltak i Øvrebygda.

Svar frå rådmannen: Søknad om trafikksikringstiltak blir handsama i utval for plan og miljø. Innspela frå representanten Maraas vert teken med i dette arbeidet.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om Fitjar vidaregåande skule
Det er kome framlegg om å flytta ein påbygg-klasse til Stord. Ordføraren har sendt tilsvar, saka skal handsamast i fylkesutvalet 08.12.16.

PS 104/16 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Meldt i møtet:

- ✓ Notat: Rentesikring
- ✓ SFLMK – vurdering av avtalen for evt oppseiing
saka skal handsamast i NMK på Stord 14/12-16
- ✓ Notat om framdrift og status for orgel- og galleriprojektet
- ✓ Avtale opplagstenester kai Årskog
avtalen er signert

Delt ut i møtet:

Melding om skatteinngang pr november 2016

Munnleg orientering:

Rådmann Atle Tornes orienterte frå møte med Bergensalliansen om brannsamarbeid.

Fått tilsegn frå Husbanken på Gartneritunet om tilskot på kr. 6.855.000,-.

Plan Vest er valt til konsulent for regulering i Årskog. Arbeid med planen er starta.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.